



Bergen Arkitektskole - BAS

Dato: 12.12.2014
Vår ref.: 2014/19337-32
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Underretting om vedtak - opne søknader hausten 2014 - lærarkurs for kinesiske arkitekt-lærarar

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til lærarkurs for kinesiske arkitekt-lærarar.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama søknaden dykkar på møte den 02.11.2014, sak 169/14. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samlesak ved avslutninga på kvart semester.

Det var handsama 14 opne søknadar med ein total søknadssum på 1 477 000 kroner i denne saka. Det er 1,25 million kroner til rådvelde for Kultur og ressursutvalet på budsjettet for 2014, og det har gjennom tidlegare tildelingar vore løyvd til saman 1 025 000 kroner, og det sto såleis att berre 229 000 kroner til fordeling no.

Grunngjeving

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk. I følgje fylkesplanen har fylkeskommunen ei særleg oppgåve i å kople saman aktørar, etablere partnerskap, skape møteplassar og støtte infrastruktur.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til [saksframlegg](#) og Kultur- og ressursutvalet sitt [vedtak](#)

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.